

* Kyllingmarknaden

Den Stolte Hane tek over levering av fem millionar kyllingar til dei tidlegare Ica-butikkane. Det får **store ringverknader** for kyllingbøndene.

Nortura taper leveransar av Coop-kylling

Frå 1. august mister Nortura avtalen om å levere kyllingar til rundt 400 tidlegare Ica-butikkar. Coop, som tek over Ica-kjeda, har utvida avtalen med den nordiske kyllinggiganten Scandi Standard, som marknadsfører kyllingane under merket Den Stolte Hane.

Avtalen fører til at rundt fem millionar kyllingar til ein verdi av rundt éin kvart milliard kroner på årsbasis skifter leverandør. Det får store ringverknader for kyllingbøndene, som alt slit med svikt i saltet og dermed stor reduksjon i produksjonen.

- Kan auka produksjonen

Dagleg leiar Fredrik Strømmen for Den Stolte Hane i Norge seier Coop-avtalen om leveransar til Ica-butikkane, gir dei rundt 20 prosent omsetningsvekst på kylling.

– Vi får rundt 250 millionar kroner i auka omsetning som følge av avtalen. Mykje tyder på at produsentane våre dermed kan

auka opp produksjonen til det dei har kapasitet til, seier Strømmen.

Den Stolte Hane mista avtalen med Ica til Nortura tidleg i 2014. Det førte til at kyllingbøndene måtte redusere produksjonen kraftig og nye kyllinghus måtte stå tommen i lengre periodar. Nå er situasjonen snudd på hovudet.

– Dei som har kapasitet til det kan truleg også få produsere meir enn 140.000 kyllingar per år, sidan konsejsjonsgrensa nå er auka, seier Strømmen.

– Er det aktuelt å bygge nye kyllinghus?

– Det må vi kome tilbake til. Vi er opptatt av å utnytte kapasiteten i marknaden når volum blir flytta. Vi håper å finne løysingar som gjer at bøndene som produserer for Ica får avsetning for kyllingen og framover, seier Strømmen, som seier Coop-avtalen vil føre til stor aktivitetsauke ved fabrikken på Jæren.

Kan fylle opp nytt hus

Ein av bøndene som kan sjå fram til auka kyllingproduksjon er Ragnar Skorpe frå Killingland i Sandnes. Det nye huset til seks millionar kroner med kapasitet til 180.000 kyllingar stod ferdig i mars i fjor, men det har stått tomt i lengre periodar grunna overkapasiteten i marknaden.

– Eg er glad på eigne vegner over at eg får nytte kapasiteten på huset betre enn det har vore så langt, men det er beklageleg at våre kollegaer i Nortura truleg må redusere produksjonen ganske betydeleg på grunn av overkapasiteten, seier Skorpe.

Han ser fram til at innnteninga blir i tråd med kalkylane for investeringa, men seier han føler med Nortura-kollegaene.

– I fjor var det vi som fekk størst kutt. I år går det i vår favor. Det svingar etter avtalane med kjedene. Mitt største håp er at marknaden skal ta seg opp att til tidlegare nivå slik at vi får balanse igjen, seier han.

Nortura er skuffa

Direktør for fjørfe i Nortura, Egil Olsvik, seier utsлага for Nortura-bøndene førebels er uklare. Han anslår volumet som blir flytta til 5-6 millionar kilo eller 4,5 til 5 millionar kyllingar arleg.

– Vil det føre til større reduksjon for Nortura-bøndene?

– Det er ildkjørt gitt. Normalt tilpassar vi oss marknadssituasjonen med industriall mellom aktørene. Dei direkte utsлага for produsentane er førebels uklare, seier Olsvik.

Nortura-bøndene har i dag 15 prosent reduksjon i produksjonen. I tillegg har Nortura kjøpt ut ytterlegare kapasitet i Rogaland. Olsvik er lite begeistrat for tapet av avtalen.

– Vi er skuffa over at ei samvirkebedrift som Coop ikkje vil ha bøndens eiga merkevarer Prior i si portefolio, seier han.

Coop: - Begrensa betydning

Kommunikasjonsdirektør Kristin Paus i Coop skriv i ein epost at avtalen sikrar at Ica-, Rim- og Matkroken-butikkane får same kyllingkjøttsortiment som resten av Coop-butikkane har i dag. Ho skriv at Den Stolte Hane og Prior har leveringsavtale på råvaresida i dag, og at utvidinga av avtalen med Den Stolte Hane derfor vil ha «begrensa betydning for kyllingprodusentene».

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no



Overkapasitet: Det nye kyllinghuset til Ragnar Skorpe står tomt i desse dagar,

Nedgang på over

Nedgangen i produksjonen er på over seks millionar kyllingar dei fem første månadene i år, ein svikt på 18 prosent. Aktørane trur betring framover.

Kyllingmarknaden har fått ein kraftig nedtur det siste året. Etter kraftig og omtrent samanhengande vekst i fleire tiår begynte det å butte imot i fjor sommar. Første


halvår i fjor gav ein stor vekst i produksjonen, men frå juli og ut året blei det ein nedgang i kleskinga av slaktekylling. Samla vart nedgangen på 2,8 millionar kyl-



KYLLINGLEVERANSE

«Vi er skuffa over at ei samvirkebedrift som Coop ikkje vil ha bøndens eiga merkevarer Prior i si portefølje.»

EGIL OLSVIK
DIREKTØR FOR FJØRFE I NORTURA



men sidan industriaktøren Scandi Standard med merkevara Den Stolte Hane fekk tilslaget på avtalen med Coop og Ica, kan han sjå fram til større produksjon av kylling i tida framover.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

Fakta Den Stolte Hane Jæren AS

	2013	2012
Driftsinntekter	1.119	658
Resultat før skatt	123	79
Eigenkapital	40	19
Soliditet	13,8 %	12,4 %
Tal i millionar		

Kjelde: bizweb.no

Fakta Nortura SA

	2013	2012
Driftsinntekter	18.242	17.235
Resultat før skatt	232	325
Eigenkapital	3.064	2.989
Soliditet	38,4 %	39,9 %
Tal i millionar		

Kjelde: bizweb.no

seks millionar kyllingar så langt i år

lingar, nær sju prosent, i 2. halvår i fjor.

Kyllingsviltten held fram

Nye tal frå Landbruksdirektoratet viser at nedgangen har også på. Så langt i år har det blitt klekt ut nær 6,2 millionar færre kyllingar enn på same tid i fjor. Nedgangen er på 18 prosent i snitt for dei fem månadene, men dei to siste månadene har nedgangen vore på rundt 25 prosent samanlikna med same periode året før.

Klekkinga av nye kyllingar heng tett sammen med salet av kyllingar.

Trur på betring

Direktør for fjørfe i Nortura, Egil Olsvik, seier det er to årsaker til at klekkinga av kyllingar går ned.

– Den eine årsaka er at salet av kylling har blitt mindre. I tillegg har det med nedbygging av lager å gjøre, seier han.

Han viser til at salet av kylling gjekk ned etter medieom-

tale av førekomensten av antibiotikaresistente bakteriar i fjor haust.

KYLLINGSALET

«Vi håper og trur marknaden stabiliserer seg.»

EGIL OLSVIK
DIREKTØR FOR FJØRFE I NORTURA

– Då var salet fallande og det blei bygd opp lager av kylling, som nå blir bygd ned, seier han.

Olsvik seier at det normale er at marknaden stabiliserer seg.

– Vi håper og trur marknaden stabiliserer seg, men det er heilt umogleg å seie noko sikkert om framtida, seier Olsvik.

28 millionar kyllingar

I dei fem første månadene i år blei det klekt ut 28,1 millionar slakte-

kyllingar, mot nær 34,3 millionar på same tid i fjor. Dei to siste månadene har nedgangen månad for månad vore på mellom 1,7 millionar og 1,8 millionar kyllingar per måned, ifølgje tal og frå Landbruksdirektoratet. Tala for mai er førebelse.

Salet av kylling i butikk skal ifølgje marknadsaktørane derimot vise betring den siste tida, noko som gir grunnlag for tru på betre tider for kyllingbransjen.